



Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 16.07.2015
Vår ref.: 2014/54-23
Saksbehandlar: torklin
Dykkar ref.:

Høyring av indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar. Ettersending av vedtak frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert oss den 04.05.2015 med ein administrativ uttale til høyring av indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar.

I fylkesutvalet den 18.06.15 vart det fatta eit slikt vedtak i RS 93/15:

RS 93/15 vart sett på sakskartet som politisk sak (PS) utan saksførelegg.

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine anbefalingar, slik det vart framstilt av brev datert 24. februar 2015 frå Statens vegvesen. Det er positivt at det no vert føreslått indikatorar som er enklare å handtere ved oppfølging av bymiljøavtalane. Det er viktig at prinsippet om lokalt sjølvstyre vert lagt til grunn for avtalane, og at indikatorar knytt til innsatsområda ikkje svekker det enkelte byområde sitt handlingsrom med omsyn til sjølv å velje tiltak og verkemiddel for å nå måla i bymiljøavtalane. Det vert vidare føresett at endeleg opplegg for indikatorar for arealbruk og parkering vert fastsett i avtaleteksten for bymiljøavtalen for Bergen."

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine anbefalingar, slik det vart framstilt av brev datert 24. februar 2015 frå Statens vegvesen. Det er positivt at det no vert føreslått indikatorar som er enklare å handtere ved oppfølging av bymiljøavtalane. Det er viktig at prinsippet om lokalt sjølvstyre vert lagt til grunn for avtalane, og at indikatorar knytt til innsatsområda ikkje svekker det enkelte byområde sitt handlingsrom med omsyn til sjølv å velje tiltak og verkemiddel for å nå måla i bymiljøavtalane. Det vert vidare føresett at endeleg opplegg for indikatorar for arealbruk og parkering vert fastsett i avtaleteksten for bymiljøavtalen for Bergen.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.